

Kniven frå Finnheimen-Liljestrand

Av Svein Jørum

Historia startar sommaren 1980. Svein Hermann legg søndagsturen frå Saks-haug til Røra, Leklemsvatnet og Finnheimen, eller Liljestrand som dei siste buarane kalla plassen. Plassen ligg rett ovanfor vatnet. Sjølv sagt er det sett av tid til ein god rast i det fine været. På vollen står det ei vase med buskar som gøymer restane av grunnmuren til eit felleshus for folk og fe, som ein gong sto her. Han vert nyfiken og vil sjå nærare på restane, og for han ser det ut som det har vore ei trapp ned til eit kjellarhol. Muren har teke til å sige, så skakk at det er nett føre steinane fell i ei røys. Svein tek til å lyfte steinhellene frå kvarandre, vil rette opp att muren, leggje steinane på plass så dei ikkje rasar. Då han flytter ein Stein ramlar det fram noko som liknar ein kniv frå hellene, nokon har gøynt eller lege det der for lenge sidan. Han ser det er ein kniv med skaft og blad, men ikkje meir. Svein tek vare på kniven, tek han med heim og pussar han varleg. Jau, det er ein tollekniv, men ikkje så stor. Det korte bladet er av stål og det er tre i handtaket med holkar fram og bak og på midten eit magebelte, alle tre i metall og sølvlegering.

Så går det mange år og kniven vert liggjande og gøymer på sitt opphav og sin bruksmåte. At kniven er uvanleg er ikkje vanskeleg å sjå når ein ser biletet av han i dag. Så gjev aktiviteten med Kvennstu – Eva Moestu oppe ved Den Gamle Kongeveg ny fart i knivmysteriet. Svein Hermann tenkjer å gje kniven til Kvennstu – Eva Moestu som ei gav, men vil først sende kniven til NTNU Vitenskapsmuseet i Trondheim for utgreiing. Kniven kjem aldri i retur, vert i staden innlemma i museets samlingar og får museumsnummer T 25791. Utgreiing og foto vert sendt Svein Hermann som takk.

Elling Alsvik, tidligare tilsett ved Sverresborg folkemuseum, får oppdraget med å finne opphavet til kniven og kjem fram til at kniven moglegvis kan daterast attende til første halvdel av 1800-talet. Han skriv i si vurdering:

«Jeg har hatt en liten tollekniv til vurdering en god stund, og benyttet anledningen til også å høre meningen til andre kjennere av tollekniver, særlig i trøndersk tradisjon. Vi tenker alle i samme retning, og det kan oppsummeres slik: Dette er en svært liten kniv, i Telemark ville den blitt kalt en jentekniv (og da betyr jente kvinne). Det betyr ikke at den ikke kunne vært brukt av en

mann, men i så fall ville den vært brukt i spesielle sammenhenger hvor en liten kniv kunne vært særlig praktisk, som for eksempel en skredder som trengte en liten sprettekniv. Kniver med «magebelte» finnes i trøndersk tradisjon, men kan ikke sies å være særlig vanlig, så for den saks skyld kan denne kniven like gjerne stamme fra andre landsdeler, i så fall helst Østnorge. Også de to holkene i endene av skaftet gir ikke noe umiddelbart trøndersk inntrykk. De er ikke konet, slik vi ville vente på en gjennomsnittlig trøndersk kniv. Bladet er velbrukt og velslipt, det kan ha vært ca. 1/3-1/2 lengre enn det er i dag. Det er ikke mulig å si sikkert om det er innlagt eggstål i bladet, men det var – og er – vanlig i tradisjonelle kniver, og det er sannsynlig at det er slik her også. Bruken av kniven vet vi ikke noe konkret om, men som sagt overfor gir størrelsen noen begrensninger. Det er grunn til å tro at den er for liten til å være praktisk ved kastrering av griser. Det kan også se ut til at den er litt for gammel for denne tenkte bruken. Magebeltet – eller midtholken – er kanskje mer vanlig mot denne tidlige delen av 1800-tallet. Alt i alt er det ikke mye helt konkret og sikkert å si om kniven. Det som står ovenfor er summen av flere knivinteresserte følelser når de så kniven. Man kan alltid tenke seg andre svar, men det som står her er i alle fall basert på en god porsjon erfaring. 10.12.2012. Elling Alsvik.»

Så langt er kniven fortsatt eit mysterium. Svein Hermann meiner sjølv at «Finn-sporet» kan vera eit steg nærmare ei løysning. Dette er ikkje nemnd ovanfor, kvifor kjennast ikkje. Leklemsvatnet ligg i Heia statsallmenning på grensa mellom Inderøy og Verdal kommune, og er såleis ein del av Volhaugen. Det var samar i Volhaugen heilt frå 1600 til 1900-tallet. Ved Leklemsvatnet kom det samebusetnad først frå 1860-åra, da seterdrifta på staden, Grandansetra, tok slutt. Eit lite tømmerhus på Sørheia vart flytta og oppattsett på plassen med mange namn på folkemunne, som; Almenningen, Vassenden, Vassenget, Finnheimen og Liljestrand. Siste fastbuande i Finnheimen var Ole Liljestrand, eller «Finnkaill'n» som han og vart kalla. Ole flytta i 1916 ned til Busveit i skråninga over Leklem på Fleskhus. Ole Liljestrand var og «runkaill», og vide kjent for sine evnar til å lækje sjukdomar. Så kva med kniven som vart funne i steinmuren i 1980. Ein skulle tru han har vore i samar sitt eige. Stova og muren vart oppsett av samane og ingen budde i huset etter deira tid i 1916. Ein kan vel da seie med stor sikkerheit at han var lagt der i tida mellom 1860 og 1916. Det er lite sannsynleg at nokon plassera han der seinare. Kniven kan vera laga mykje tidligare. Det



Kniven og murrestane der kniven vart funnen. Ein må leite godt for å finne grunnmurane etter husa på Liljestrandvollen i dag.

kan og hende at knivbladet var så mykje slipt at han ikkje dugde til bruken lenger, og fekk ein førebels siste kvilestad i steinmuren. Kven brukte han og til kva? Her vil det verta gissingar om eigar, sjølvsagt, men at eit av familiemedlemmane i huset er eigaren er sannsynleg. Svein Hermann seier at kniven kan vera brukt til gjelding av dyr, som omtala før, då mellom anna rein, gris, sau og hest. Det spørjast at Ole Liljestrand dreiv denne geskjeften i si tid. Om samekvinner hadde og brukta eigne knivar kjenner ein ikkje til, men ikkje usannsynleg for menneske som levde i og med naturen som dei gjorde. Førebels veit vi såleis ikkje meir om tollekniven frå Finnheimen. Det neste søket må vera å leite meir i det «samiske fotsporet» for å finne fleire konkrete svar på bruksmåte og alder. Foto av kniven vert plassert i Kvennstu-Eva Moestu oppe i Lundsauget på Røra saman med hittil kjente opplysningar. Vi takkar Svein Hermann for at han let oss ta del i ei spanande historie om «litjkniven frå Liljestrand».

Kjelder:

Svein Hermann.

Åke Junge/Eynni Idri 2004 og 2005.

NTNU Vitenskapsmuseet.